



Styre
Universitetsstyret

Arkivsaksnr.
26/54324
Saksnr.
69/26

Dokumentdato
01.09.2026
Møtedato
10.09.2026

VEDTAKSSAK

Nye språkpolitiske retningslinjer for UiB

Tilvising til bakgrunnsdokument

- [Lov om universitet og høgskular](#)
- [Lov om språk](#)
- [Forskrift til universitets- og høgskulelova](#)
- [Strategi for Universitetet i Bergen 2023–2030](#)
- [Regjeringa sin handlingsplan for norsk fagspråk i akademien](#)
- [Styresak 99/19: Språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen,](#)

Saka gjeld

Universitetsstyret blir i denne saka bede om å vedta ny språkpolitikk for Universitetet i Bergen (UiB). Forslaget erstattar dei språkpolitiske retningslinjene som universitetsstyret vedtok i 2019 om status for språk og språkbruk ved UiB

Forslag til vedtak

Universitetsstyret vedtek språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen og mandat for Språkpolitisk utval.

Tore Tungodden
universitetsdirektør

01.09.2026/Ingar Myking

Vedlegg
Saksframlegging

Nye språkpolitiske retningslinjer for UiB

Bakgrunn

Universitetsstyret vedtok i 2019 språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen (UiB) og mandat for eit språkpolitisk utval. Sidan då har rammevilkåra for språkpolitikken i universitets- og høgskulesektoren endra seg, og har periodevis vore høgt på den nasjonale universitetspolitiske agendaen.

Språklova, ny universitets- og høgskulelov med forskrifter og regjeringa sin handlingsplan for norsk fagspråk har tydeleggjort institusjonane sitt ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk fagspråk, både bokmål og nynorsk. I takt med den raskt aukande internasjonaliseringa av den norske akademien med meir internasjonal rekruttering og engelsk som dominerande publiseringsspråk, har engelsk fått stadig større plass ved norske universitet.

Utviklinga mot meir bruk av engelsk i norsk akademien fekk særleg mykje merksemd under arbeidet med ny norsk språklov i 2022-24. Om [lag 90 prosent av den vitenskaplege publiseringa](#) skjedde på engelsk i 2022 (92 prosent ved UiB i 2025), og engelsk stod for om lag [93 prosent av doktorgradsavhandlingane \(96 ved UiB i 2026\)](#). [Andelen emne med norsk som planlagt undervisningsspråk ved statlege universitet og høgskular fall frå 85 prosent i 2010 til 72 prosent i 2021](#). Ved dei norske internasjonale forskingsuniversiteta er trenden enda tydlegare. Ser vi på alle aktive studie-emne per haust 2025 (3305 emne, uavhengig av om det blei undervist dette semesteret og vidareutdanning unnateke) ved UiB var 51 prosent norsk, 46 prosent på engelsk og tre prosent andre språk (typisk språkfag).

UiB har stor internasjonal rekruttering blant dei tilsette som kjem frå 93 ulike nasjonar. Tyskland, Sverige, Storbritannia og Frankrike er dei landa som er høgast representerte blant dei tilsette, etter Noreg. Tilsette med utanlandsk statsborgarskap utgjorde i 2023 om lag ein tredel av alle tilsette ved UiB. Den høgaste delen utanlandske statsborgarar blant det faglege personalet finn vi i kategorien postdoktorar, med 68 prosent. Deretter følgjer forskarkategoriane med 55 prosent, medan delen utanlandske statsborgarar blant professorårsverka er 29 prosent. Blant dei administrativt tilsette har vel 13 prosent utanlandsk statsborgarskap.

Ein oppdatert språkpolitikk må ta omsyn til desse utviklingstrekk. UiB skal vere eit ope og internasjonalt forskingsuniversitet som kan rekruttere og samarbeide globalt. Samstundes har universitetet eit lovfesta og samfunnsmessig ansvar for at norsk blir brukt og vidareutvikla som fagspråk, undervisningsspråk, administrasjonsspråk og formidlingsspråk. Dei nye retningslinjene bør difor byggje på ein medviten parallellspråkleg praksis, der språkval blir gjorde ut frå føremål, målgruppe og faglege behov, og der internasjonalt tilsette får reelle føresetnader for å tileigne seg norsk og delta fullt ut i universitetsfellesskapet.

Rektor og universitetsdirektør ga difor i vår ei eiga arbeidsgruppe i oppgåve å kome med forslag til justeringar av dei språkpolitiske retningslinjene og mandatet for UiBs språkpolitiske utval. Arbeidet skulle munne ut i ein samla og oppdatert språkpolitikk som klargjer overordna prinsipp, ansvar, praktisering, tilbod om språkleg bistand og organisatorisk oppfølging av språkbruken ved universitetet.

Arbeidsgruppa har vore leia av professor Kristoffer Chelsom Vogt, viserektor ved UiB. Medlemmene har vore professor Antonella Zanna Munthe-Kaas, professor Endre Brunstad, seksjonssjef Janne Marie Solheimslid og student Martin Borgar Nilsen. Sekretariatet har vore avdelingsdirektør Ingar Myking ved Universitetsdirektørens kontor og seniorrådgjevar Frøy Katrine Myrhol ved Kommunikasjonsavdelinga.

Forslaga frå arbeidsgruppa har vore til drøfting i ulike leiarfora, på dekanmøter og på brei høyring til fakulteta, Universitetsmuseet og Universitetsbiblioteket og organisasjonane. Høyringa gir ikkje grunnlag for større endringar i retninga på språkpolitikken ved UiB. Det er òg gjennomgåande brei støtte til hovudretninga i framlegget til dei nye språkpolitiske retningslinjene. Dei fleste innspela handlar ikkje om å endre dei overordna måla, men ønsker om å presisere ansvar, krav og praktisk gjennomføring, særleg når det gjeld norskopplæring, internasjonalt tilsette, undervisningsspråk og parallellspråkleg praksis.

Om forslaget til ny språkpolitikk

Forslaget til ny språkpolitikk er bygd opp kring nokre overordna prinsipp for språkbruk, og har så eigne punkt om utdanning, forskning, formidling, administrasjon, og til slutt ein plan for oppfølging av retningslinjene. UiB skal følge opp det lovpålagte ansvaret for å halde ved lag og utvikle norsk fagspråk i alle fagmiljø. Teksten framhevar at hovudspråket ved UiB er norsk, lærestadens rolle som kunnskaps- og kulturberande institusjon, og understrekar at utvikling og formidling av norsk fagspråk og terminologi som ein viktig del av samfunnsoppdraget til universitetet i ei tid med sterk internasjonalisering av akademien.

Politikken tek utgangspunkt i at godt språk er ein føresetnad for fagleg kvalitet, eit velfungerande universitetsdemokrati, inkludering, medverknad og administrativ samhandling ved UiB. Parallellspråkleg praksis, der norsk, engelsk og andre språk kan bli brukte medvite og formålstenleg ut frå faglege behov, målgruppe og samanheng er difor eit viktig verkemiddel for å styrke og utvikle universitetet. UiB vil ikkje detaljregulere korleis parallellspråklege skal gjennomførast, men heller gje rom for ei viss form for skjøn: i praksis vil det seie «norsk når du kan, engelsk når du må».

Forslaget slår fast at norsk er hovudspråket i undervisninga, men at andre språk kan nyttast når det ligg føre faglege grunnar. UiB skal halde norsk fagspråk i hevd i undervisninga, både bokmål og nynorsk. Samstundes skal UiB kunne tilby engelskspråklege studieprogram og emne på engelsk der fagmiljøa meiner det er gode faglege grunnar for det.

Forslaget slår fast at norsk er administrasjonsspråket ved UiB, i universitetets styringsorgan og i administrasjonen, på alle nivå. UiB skal følge den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk og kommunisere på eit klart og korrekt språk tilpassa målgruppene.

Teksten legg vekt på at UiB av historiske, geografiske og faglege grunnar har hatt, og framleis ønskjer å ha eit særleg ansvar for nynorsk i høgare utdanning, og for å sikre at både bokmål og nynorsk blir brukte, utvikla og styrka både fagleg og administrativt.

Forslaget inneber òg ei tydeleggjering og styrking av rammene for UiBs språkpolitiske utval. Utvalet skal rapportere årleg til universitetsstyret om status for språk og språkbruk ved UiB, gje råd om oppfølging av språkpolitikken og bidra til eit årleg kunnskapsgrunnlag om språkbruk i publisering, undervisning, møte og formidling.

Tanken bak ei slik rapportering er å gje språkpolitikken sterkare institusjonell forankring, gjere utviklinga i språkbruk meir synleg i organisasjonen, og bidra til at leiinga på alle nivå får eit tydelegare ansvar for oppfølging. Ein viktig del av oppdateringa av språkpolitikken er å få inn det lovpålagte kravet om at faste vitenskapleg tilsette i ordinære undervisnings- og forskingsstillingar skal ha norskferdigheiter på nivå B2, seinast innan tre år etter tilsetjing. For at dette skal fungere godt, må det vere tydelege forventningar, relevante kurs og leiaroppfølging som gjer det mogleg å oppnå kravet i praksis.

Kommunikasjonsavdelinga skal leie sekretariatet for det språkpolitiske utvalet, i administrativt samarbeid med HR-avdelinga. Også andre delar av organisasjonen vil måtte bidra med data og vurderingar, mellom anna fakulteta og relevante administrative einingar.

Universitetsdirektøren sine kommentarar

Framlegget til ny språkpolitikk vil gje ei tydelegare og meir balansert ramme for språkbruken ved UiB, i ei tid med omfattande internasjonalisering av norsk akademia. Politikken stadfestar universitetet sine lovpålagte plikter og samfunnsmessige rolle i å slå ring kring norsk som hovudspråk og administrasjonsspråk. Det er òg avgjerande viktig for rekruttering, internasjonal kvalitet og inkludering i organisasjonen at dei nye retningslinjene legg til rette for ein formålstenleg parallellspråkleg praksis, der engelsk og andre språk kan nyttast når faglege behov, målgruppe eller samanheng tilseier det.

Framlegget understrekar UiB sitt særlege ansvar for å halde ved like og utvikle norsk fagspråk og -terminologi. Det er ikkje minst viktig med tanke på å utvikle og gjere kjent ny kunnskap for bruk i samfunnet. Framlegget tydeleggjer det særlege ansvaret UiB har, av både historiske og geografiske årsaker for røktinga av nynorsk. Samstundes blir språkpolitikken tydeleg knytt til fagleg kvalitet, inkludering, medverknad, universitetsdemokrati og UiB sitt samfunnsoppdrag i ein stadig meir globalisert akademisk kvardag.

Universitetsdirektøren vurderer det som positivt at oppfølginga blir styrkt gjennom årleg rapportering frå språkpolitisk utval og tydelegare ansvar for leiinga på alle nivå. Kravet om norskkompetanse på nivå B2 for faste vitskapleg tilsette innan tre år etter tilsetjing føreset gode opplæringstilbod og systematisk leiaroppfølging. Politikken kan i hovudsak følgjast opp innanfor gjeldande organisatoriske rammer, men vil krevje noko auka administrativ innsats, særleg knytt til sekretariatsstøtte, rapportering, kunnskapsgrunnlag og språklege støtte- og opplæringstilbod.

Eventuelle større tiltak bør vurderast gjennom dei ordinære budsjett- og planprosessane.

01.09.2026/Ingar Myking/

Språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen

Dei språkpolitiske retningslinjene er forankra i Universitetet i Bergens (UiB) strategi. Langsiktig og grunnleggjande forskning og forskingsbasert utdanning av høg internasjonal kvalitet er fundamentet for all verksemd. Som ein sentral norsk kunnskaps- og kulturberande institusjon har UiB òg ei viktig rolle i å røkte det norske språket og å halde norsk fagspråk levande. UiB skal vere eit språkleg førebilete.

UiBs språkpolitikk skal bidra til høg fagleg kvalitet på forskning, undervisning og formidling, eit sterkt kollegialt fellesskap, eit levande universitetsdemokrati, ein velfungerande administrasjon og eit arbeidsmiljø som gjev rom for trivsel, inkludering og mangfald.

Overordna prinsipp

- UiBs språkpolitikk er utforma innanfor rammene av UiBs strategi, språklova og universitets- og høgskulelova med forskrifter, samt den nasjonale handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia.
- Hovudspråket ved UiB er norsk. Alle har rett til å bruke svensk eller dansk. Engelsk er det primære ikkje-skandinaviske språket.
- UiB skal ha ein medviten parallellspråkleg praksis, der norsk og engelsk kan brukast side om side utan at norsk blir fortrent.
- Alle fast vitskaplege tilsette i ordinære undervisnings- og forskingsstillingar skal ha norskferdigheiter på nivå B2 seinast innan tre år etter tilsetjing.
- UiB skal tilby kurs og opplæring som legg til rette for at studentar og tilsette kan tileigne seg naudsynt språkkompetanse, med utgangspunkt i språklege rettar som er fastsette i språklova, og den einskilte sitt ansvar for eiga læring.
- For fast vitskapleg tilsette som skal oppfylle krav til norskkompetanse, skal det leggjast til rette for relevant språkopplæring.
- UiB har eit særleg ansvar for nynorsk i høgare utdanning. Både nynorsk og bokmål er administrasjonsspråk ved UiB, og dei skal nyttast i eit tilnærma likt omfang over tid.
- Oppfølginga av språkpolitikken er eit leiaransvar på alle nivå.

Utdanning

- Norsk skal vere hovudspråket i undervisninga ved UiB. Undervisninga i obligatoriske emne på bachelorstudium skal som hovudregel vere på norsk. Unntak må grunngjevast fagleg og forankrast ved fakultetet.
- UiB skal kunne tilby engelskspråklege studieprogram og emne på engelsk.

- UiB skal bruke, utvikle og styrke norsk fagspråk og terminologi, både bokmål og nynorsk, i utdanninga.
- Faglitteratur og læremiddel skal vere på norsk når det finst norske ressursar av fagleg tilsvarande kvalitet som framandspråklege.
- UiB skal ha eit godt og omfattande tilbod om kurs i norsk språk for utanlandske studentar

Forsking og formidling

- Forskarar og forskingsmiljø har fridom til å velje det språket som best tener forskingsformåla deira.
- UiB skal bidra til forskingsformidling, vitskapleg publisering og kunnskapsbasert samfunnsdebatt på norsk, engelsk og andre språk.
- UiB skal ha ei tydeleg rolle i utviklinga av norsk fagspråk og terminologi. Dette omfattar òg utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi og norskspråklege kunnskapsressursar.
- Forskarutdanninga skal ha ein medviten parallellspråkleg praksis som tek omsyn til både internasjonal forskingsverksemd og UiB sitt ansvar for norsk fagspråk.

Administrasjon

- Norsk er administrasjonsspråket ved UiB, i universitetets styringsorgan og administrasjon på alle nivå.
- UiB skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppene.
- UiBs einingar og bygg skal ha namn på norsk som dekker både bokmål og nynorsk.
- UiB skal ha eit språktilbod til tilsette som ønskjer å lære norsk.

Gjennomføring og oppfølging

UiB skal ha eit språkpolitisk utval som skal:

- rapportere årleg til universitetsstyret om status for oppfølging av dei språkpolitiske retningslinjene.
- bidra til at UiB innhentar relevant informasjon frå fakulteta og sentraladministrasjonen om språkbruk ved UiB – i publisering, undervisning, formidling, møteverksemd og arbeids- og administrasjonsspråk.
- bidra til at kvalitet og omfang på UiBs språkopplæringstilbod blir vurdert jamleg.
- gje råd om oppfølging av dei språkpolitiske retningslinjene.
- bidra til at språkpolitikken ved universitetet er kjent i organisasjonen.

- Innstille til årleg språkpris som gjev merksemd til fagmiljø for særleg inspirerende tiltak som styrkar språkbruken ved UiB, til dømes språkkafear, språk mentorordningar, bruk av ny teknologi i samband med språkbruk

Det språkpolitiske utvalet skal ha minst fire møter i året og leiast av ein vitskapleg tilsett. Utvalet skal ha eit sekretariat leia av Kommunikasjonsavdelinga, i administrativt samarbeid med HR-avdelinga. Utvalet skal ha medlemmar frå vitskapleg tilsette (4); der ein er midlertidig og ein skal framandspråkleg bakgrunn, studentane (1), og teknisk-administrativt tilsette (2). Universitetsleiinga oppnemner leiar for utvalet og medlemmar blant dei tilsette ved UiB kvart andre år, medan studentrepresentantar blir oppnemnde årleg.